

## Til skuleleder

Gratulerer så mykje med plass på Nysgjerrigperkurs!

Som leiar i skulen er du ei viktig brikke for å lykkast med utforskande metode i skulen, og den viktigaste oppgåva du har er å setje av tid for utvikling i tida til lærarane.

Praktiske detaljar om kurset har vi sendt dykk på e-post. I tillegg har vi samla litt generell informasjon om kursrekka de har fått plass på, og nokre tips og triks på vegen.

### Kva må vi førebu oss på før samlinga?

Det fint om lærarane bruker t.d. 15 minutt på å orientere seg på [nysgjerrigper.no](https://nysgjerrigper.no). Elles treng de ikkje førebu noko.

Merk! Ikkje alle sidene finst på nynorsk endå.

### Nysgjerrigper i Årshjulet

Det er lurt å setje av tid til arbeid med Nysgjerrigpermetoden på utviklingstida.

### Kva gjer vi etter kurs?

Sett av tid til å dele tankar frå parallellesesjonane og til at lærarane trinnvis får snakke saman om vegen vidare med prosjektet på skulen deira. Hugs at det må vere rom for å prøve og feile, dette er ein endringsprosess for veldig mange, og vi ønskjer ein låg terskel for alle å teste ut denne metoden i undervisninga.

### Set ein frist for å samle inn problemstillingar på trinna

Sett av tid på utviklingstida til at lærarane kan sitje trinnvis og sortere problemstillingane i kategoriane "forskbare" og "ikkje forskbare".

Deretter er det lurt med ei felles samling med ressurslæraren deira. Hen vil då hjelpe lærarane vidare i prosessen, med fokus på organisering av elevgruppene.

### Nysgjerrigpertorg

### Praktisk informasjon om torget

To veker før Nysgjerrigpertorget bør lærarane få ein e-post med informasjon om kva dei må gjere før torget. Vi sender dykk forslag til e-post som de kan redigere og sende vidare.

### Evaluering

Etter torget kjem vi til dykk for ei refleksjons- og evaluatingsøkt. Vi tilrår å gjøre dette i veka etter torget.

---

Publisert 6 mai 2024

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 19 april 2025, 21:41 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.